



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 19. oktober 2022

Sak

2022/0905 Ognatun Leirsted – org.nr. 975 142 957 – klage over vedtak om avslag på innmeldt smålotteri

Til stades: leiar Martin Hennig, medlem Shabneet K. Bains og medlem Elisabet Ekberg

Bakgrunn for saka

Ognatun Leirsted (klagar) sende 29. mars 2022 inn eit smålotteri til Lotteritilsynet med det føremål å vedlikehalde og drifte Ognatun Leirsted.

Lotteritilsynet avslo det innmelde smålotteriet 31. mars 2022, med den grunngevinga at verksemda til klagar er kommersielt basert.

Klaga sende klage på vedtaket 1. april 2022. Klaga viser til at ein anna leirstad i kommunen får halde smålotteri, og at verksemda til leirstadene er tilnærma lik. Begge leirstadene har ein del utleigeverksemd innanfor eigen organisasjon og utleige til andre frivillige organisasjonar og kafé. Klaga hevdar at når det er opna for at éin leirstad får halde smålotteri, må også Ognatun Leirsted få lov til det. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Etter at Lotteritilsynet hadde oppmoda om det, sende klaga den 29. april 2022 inn årsmeldinga og årsrekneskapen til foreininga for 2021.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 9. juni 2022 klaga med innstilling til behandling hos Lotterinemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er forskrift 21. desember 2000 nr. 1366 om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. (forskrifta).

Etter lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier m.v. (lotterilova) § 6, jf. § 4, er det krav om godkjenning frå Lotteritilsynet for å halde lotteri, med unntak av lotteri som går fram av § 7. Etter lotterilova § 7 første ledd bokstav b kan ein utan løyve halde førehandstrekke og etterhandstrekke lotteri med ei avgrensa omsetning.

Nærmare reglar om unntak frå kravet om lotteriløyve er gitt i forskrifta. Det følgjer av forskrifta § 5-1 første ledd at organisasjonar som i si verksemd varetek føremål som nemnt i lotterilova § 5 første ledd (humanitært eller samfunnsnyttig føremål),

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

utan løyve kan halde førehandstrekte og etterhandstrekte lotteri med omsetning inntil 200 000 kroner. Ein må på førehand sende melding til Lotteritilsynet om slikt lotteri, jf. forskrifta § 5-1 tredje ledd.

Forskrifta § 5-1 andre ledd fastset at unntaket frå kravet om lotteriløyve, jf. første ledd, også gjeld for lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjonar der inntektene frå lotteriet ikkje skal nyttast til kommersielt basert verksemd eller til å vareta offentlege oppgåver.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Klaga frå Ognatun Leirsted gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak av 31. mars 2022 om avslag på innmeldt smålotteri.

Føremålet med det innmelde smålotteriet er å vedlikehalde og drifte leirstaden Ognatun. På klagaren si heimeside står det at leirstaden blant anna arrangerer leirar og tilbyr utleige av rom, leilegheiter, møtelokale, uteområde og kano, og dessutan tilbyr catering til både private og foreningar. Av klagar sin årsrekneskap for 2021 går det fram at salsinntektene utgjer 1 515 635 kroner av totale driftsinntekter på 2 555 674 kroner. Resten av driftsinntektene er basarinntekter, gåveinntekter, kollektar og andre inntekter (periodiseringar). I tillegg fekk klagar offentlege tilskot på 957 498 kroner til drift, vedlikehald og investering. Lønskostnadene til klagar utgjer 1 849 868 kroner av totale driftskostnader på 3 623 385 kroner, og i årsmeldinga til klagar for 2021 står det at klagar har 4,2 årsverk med tilsette. I beskrivinga av det frivillige arbeidet går det fram at det blir utført dugnadsarbeid på dagtid på tysdagar og på kveldstid på onsdagar, i tillegg til dagleg vedlikehald. Det er også fleire som stiller på dugnad som servitørar i private selskap.

Lotterinemnda finn etter dette at verksemda til klagar i stor utstrekning har eit kommersielt tilsnitt, og viser til samanlikning til Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2020/315 og 2019/4. Desse sakene gjaldt også organisasjonar som til liks med klagar hadde «kommersielt basert virksomhet» utover det ideelle og frivillige. I saka som ligg føre, legg nemnda særleg vekt på at klagar har høge salsinntekter frå utleige og servering, samanlikna med dei andre inntektene frå basar, gaver og kollekt. Verksemda til klagar består delvis av å halde kurs/leirar og av å tilby utleige av lokale, rom og camping mot betaling. Dette må reknast som verksemd av kommersiell karakter. Nemnda gjer vidare merksam på at foreininga ser ut til å ha lite frivillig aktivitet, når dugnadsinnsatsen blir sett i samanheng med at klagar har 4,2 årsverk med tilsette, og at i overkant av 50 prosent av driftskostnadene går med til å dekkje lønskostnader.

På bakgrunn av dette legg nemnda til grunn at inntekta frå lotteriet skal nyttast til «kommersielt basert virksomhet». Vilkåra i forskrifta § 5-1 andre ledd er ikkje oppfylte, og klagar kan ikkje halde smålotteriet.

Klager har hevda at ein annan leirstad i kommunen får halde smålotteri. Lotterinemnda forstår dette som ein påstand om usakleg forskjellsbehandling. Nemnda gjer merksam på at når det blir sendt inn melding om smålotteri, må vilkåra i forskrifta i alle tilfelle vere oppfylte. Det må i den enkelte saka gjerast ei konkret vurdering, og utfallet av søknaden vil avhenge av om krava i forskrifta er oppfylte. Nemnda kan ikkje sjå at klagar har vist til nokre konkrete saker frå Lotteritilsynet eller nemnda som taler for at klagar har blitt utsett for usakleg forskjellsbehandling. Påstanden om usakleg forskjellsbehandling kan dermed ikkje føre fram.

Klaga kan med dette ikkje takast til følge.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følge.

Dokumentet er godkjent elektronisk